

## **KULTURMINNE**

Det har vore ulike oppfatningar av kva som er eit kulturminne og kvifor desse er verd å ta vare på. Uttrykk som t.d. oldtidsminne, fornminne, fortidsminne, bygningsmonument osb. har vore nytta. Vernetanken har lange tradisjonar, og her i landet vart 1814 ei viktig hending der kulturminna vart nytta for å skape ein nasjonal identitet. Interessa for kulturminne var tidlegare knytt til funn frå middelalderen med stavkyrkjer og vikingefunn.

Etter kvart kom interessa for yngre kulturminne, og i dag er kulturminne alle materielle spor etter menneskeleg aktivitet.

**Faste kulturminne** er "jordfaste", og kan normalt ikkje flyttast. Bygningar, gravhaugar, vegar osb., er faste kulturminne.

**Lause kulturminne** blir omtala som gjenstandar.

Eit anna viktig skilje mellom faste og lause kulturminne er før og etter reformasjonen. Faste kulturminne frå før 1537, er automatisk freda. Det er m.a.o. ulovleg å gjere inngrep i desse kulturminna. Dette er heimla i § 4 i kulturminnelova.

### **Kyrkjer**

Andre kulturminne frå nyare tid som er freda er kyrkjer eldre enn 90 år, samiske kulturminne eldre enn hundre år og alle skipsfunn. Alle faste kulturminne kan likevel bli freda ved særskilt vedtak.

**Kulturlandskap** er vorte mykje nytta i samanheng med kulturminne. Kulturlandskapsomgrepet er i hovudsak avgrensa til det historiske kulturlandskapet som menneske har forma gjennom tidlegare tiders landbruksdrift. I dette inngår ulike kulturmarkstypar som hagemarker og styvingstre, tekniske anlegg som steinmurar og rydningsrøyser og heilskaplege kulturlandskap med både bygningar, anlegg og kulturmark.

I Luster kommune er det også definert som kulturvern å samle inn og registrere eldre foto, stadnamn, ord og uttrykk, folkemusikk, folkeminne gards- og kulturhistorie, biografi og slektsdata.